

KYSTARVEN

Eit samarbeidsprosjekt mellom Hyllestad, Askvoll, Fjaler og Solund kommune i den nasjonale satsinga "Naturen som verdiskapar".

Prosjektbeskriving pr. 17 april 2009:

Per Arne Tveit, Askvoll.
Tor Arne Hauge, Solund.

Delprosjekt 1:

Rydding i Kystarven

- Utvikling av lokal modell for søppelhandtering i naturreservat og sjøfuglområde



1 Bakgrunn for delprosjektet

Mange av dei sørvende vikene og stredene i verneområda langs kysten vert fylt opp med søppel frå Nordsjøen. Gjennom rydding og prosjektarbeid (Bulandet skule 2005?) har vi funne ut at storparten av søppelet kjem frå internasjonal skipsfart, og i mindre grad frå båtturisme og den lokale fiskeflåten.

Lokale haldningskampanjar vil difor ha avgrensa verknad, og tiltak mot internasjonal skipsfart vil ta tid og krevje aktiv handling på nasjonalt og internasjonalt nivå. Difor er bossrydding i verneområda nødvendig i overskueleg framtid.

Før Sørværet vart verna, var dei mange sørvende buktene og vikene ynda utfartsområde for båtfolk både frå lokalsamfunnet og frå dei nærmeste bygdene på fastlandet. Desse "lokale" båtturistane hadde då eigeninteresse av å rydde og brenne i dei fjærne dei sjølv nytta til rekreasjon. I dag er denne rekreasjonsbruken nesten helt borte. Dermed er det ingen som spontant og uorganisert tek seg av rydding og brenning.

I tillegg har søppelet gradvis endra karakter frå tre og tauverk av naturmateriale til plast og nylontau. Dette avfallet vert ikkje nedbrote i fjæra, men vert frakta med flo og storm innover kystlyngheia bakanfor strandsona. Søppelet har slik vorte ein direkte trussel mot naturkvalitetane i Sørværet og fleire andre verneområde og randsoner langs Vestlandskysten.

Gjennom Naturbruksprosjektet (2003 – 2005) i regi av Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har det vore gjort avgrensa forsøk på å finne gode lokale løysingar på bossproblemet. Lokale ungdommar har gjennom skuleprosjekt og dugnadsarbeid for å skaffe pengar til den lokale ungdomsklubben, utført eit betydeleg ryddearbeid. Fylkesmannen har utbetalt ein mindre årleg sum for å stimulere dette arbeidet. Dette avgrensa tiltaket har likevel lært oss at utfordingane med søppel frå Nordsjøen er langt større og meir permanente enn vi rekna med i starten.

Utfordingane er knytt til transport ut av området, betaling for levering til bosspllass, planlegging av arbeidet i høve til ferdslererstriksjonar i hekketida og etablering av ein modell der heile lokalsamfunnet kan oppnå direkte synlege fordelar av å rydde i verneområdet. På denne bakgrunnen ønskjer vi å starte eit utviklingsarbeid for berekraftig og lokal handtering av bossproblemet i sjøfuglområda langs kysten. Vi vil starte med Sørværet Naturreservat på Værlandet slik at vi kan dra nytte av dei lokale erfaringane som der allereie er gjorde.

2 Målformulering og avgrensingar

Delprosjektet skal utvikle og prøve ut ein samarbeidsmodell mellom lokalsamfunnet, Statens Naturoppsyn og fylkesmannen om rydding og transport av søppel ut av verneområdet og randsoner til verneområdet.

Delprosjektet skal avklare kva faste kostnader ei permanent ryddeordning vil ha og skaffe anslag for årleg tilvekst i søppelmengda. Delprosjektet skal også avklare korleis lokalsamfunnet på beste måte kan stimulerast til deltaking i ryddearbeidet.

Delprosjektet er tidsavgrensa til perioden 2009 til 2012 og geografisk avgrensa til Sørværet Naturreservat med Værlandet og Balandet som tilgrensande randsone.

3 Effektar av delprosjektet – potensialet for verdiskaping

Effekt på næringsutvikling

Delprosjektet vil ha liten direkte effekt for næringsutvikling, men det kan skape ein indirekte marknadseffekt å profilere eit lokalsamfunn som tek aktivt vare på naturkvalitetane i sitt "eige" verneområde. Det vil også ha ein positiv, men ikkje økonomisk målbar effekt for reisemålet Balandet og Værlandet, at også fjærer i randsona langs fylkesvegen og etablerte turløyper vert rydda for søppel.

Effekt for utvikling av lokalsamfunnet

Delprosjektet vil gjennom aktiv deltaking skape lokal eigarskap til verneområdet. Gjennom prosjektsamarbeid med skulen kan det haldningsskapande arbeidet forsterkast ytterlegare. Gjennom koplinga mellom rydding i reservatet og rydding i randsona vil ein også få fjerna skjemmande og herrelaust boss andre stader der det skjemmer naturopplevinga både for lokalbefolking og turistar. Lokale lag og organisasjonar kan skaff seg kjäerkomme ekstrainntekter frå bossryddinga.

Effekt for lokal miljøkvalitet

Delprosjektet har størst direkte effekt for naturkvalitetane i Sørværet Naturreservat. Fjerning av bosset vil betre livskvaliteten for artane som lever der. Den same effekten vil oppstå ved bossrydding i randsona. Dersom prøveprosjektet vert vellukka, vil det også kunne eksporterast til andre lokalsamfunn og slik påverke miljøkvalitetane i eit langt større område på sikt.

Vurdering av mogelege negative effektar

Utfrekting av bosset med båt eller helikopter kan forstyrre fuglelivet, men dei negative effektane kan her dempast ved å samordne transporten og lage ein plan som sikrar at transportarbeidet ikkje forstyrrar hekkande fugl.

Det er ein teoretisk sjanse for at gratis fellesløysingar i randsona utanfor verneområdet kan stimulere ulovleg privat bosstømming, men sjansen for dette er truleg liten. Tvert om trur vi at den lokale mobiliseringa vil auke motivasjonen for å halde området fritt for søppel, og at dette også kan formidlast til turistane i området ved å fortelje ”historia om bosset frå Nordsjøen” på ein engasjerande måte.

Korleis måler vi effekten?

Effekten av dette prosjektet vil vanskeleg kunne målast i kroner og øre. Vi kan derimot måle kor mykje søppel som vert rydda, og vi kan prøve å finne kor mykje tilvekst det er i dei ulike fjærene pr. år.

Vi kan også måle utvikling av haldningar gjennom spørjeundersøkingar, men dette bør truleg skje i ein større samanheng enn eit isolert delprosjekt.

Vi kan også prøve å finne ut kva organisering av ryddearbeidet som skapar størst motivasjon over tid.

4 Organisering og gjennomføring av delprosjektet

Som søker til hovudprosjektet er HAFS Regionråd prosjekteigar også for delprosjekta. Denne eigarskapen vert ivaretaken ved at prosjektleiar for hovudprosjektet er medlem av ei lokal styringsgruppe for delprosjektet, og også er prosjektansvarleg for delprosjektet.

Samansetting av lokal styringsgruppe

Den lokale styringsgruppa vert samansett av 2 medlemmar valde av Værlandet Vel, eit medlem frå Askvoll kommune, eit medlem frå den lokale reiselivsnæringa og prosjektansvarleg (prosjektlearen for hovudprosjektet). Statens Naturoppsyn og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har møte-, tale- og forslagsrett i styringsgruppa, og mottek innkalling til alle styremøte.

Lokal prosjektleiing

Det vert engasjert ein lokal prosjektleiar som førebud møta i styringsgruppa og gjennomfører prosjektplanen i samsvar med styringsgruppa sine vedtak. Værlandet Vel fører rekneskapen for delprosjektet.

Tidfesta hovudaktivitetar

Delprosjektet varer frå 01.07.09 til 01.11.12. Det er naudsynt med ein høvesvis lang prosjektpериode fordi ein skal samanlikne bossmengda frå år til år, og fordi lokalt dugnadsarbeid er tidskrevjande sidan det er basert på mobilisering og frivillig innsats utanom vanleg arbeidstid.

Tidsrom	Aktivitet
01.07.09 – 01.11.09	Etablering av delprosjektet med prosjektleiar, styringsgruppe mm. Forankring hos partnarar, skriving av søknader, møteaktivitet.
01.11.09- 01.03.10	Involvering av lokale lag og organisasjonar og evt. andre frivillige. Etablering av ein oppstartstatus med synfaring og dokumentasjon av alle aktuelle ryddeområde. Utarbeiding av ein spesifisert ryddeplan med inndeling av område og avtale om gjennomføring.
01.03.10- 01.11.10	Gjennomføring av ryddearbeid
01.11.10- 01.03.11	Evt. uttransport av boss som er samla opp i ryddeperioden Evaluering og utarbeiding av neste års ryddeplan. Dokumentasjon Formidling av førebelse resultat og erfaringar
01.03.11- 01.11.11	Ryddesesong
01.11.11- 01.03.12	Evaluering og revisjon av ryddeplanen, Planlegging av ny ryddesesong Utarbeiding av prosjektrapport Formidlingsarbeid
01.03.12- 01.11.12	Gjennomføring av ryddearbeidet Avvikling av informasjonsmøte om erfaringane frå delprosjektet

5 Kopling til det nasjonale programmet sine strategiar og delmål

Delprosjektet samsvarar godt med strategi nr. 3 og 4 under delmål 1 – verdiskaping, når det gjeld utprøving av nye samarbeidsformer. Prosjektet er likevel mest retta mot *å ta vare på den lokale naturarven* og skape lokal eigarskap gjennom måten dette vert gjort på (delmål 2 i nasjonalt program). Delprosjektet har også eit kunnskapsmål som består i å vinne erfaring med konkrete modellar og spreie desse erfaringane – i første omgang til motiverte lokalsamfunn i hovudprosjektorrådet (HAFS-regionen), men kanskje også vidare gjennom Statens Naturoppsyn (SNO), Fylkesmannen og Direktoratet for Naturforvaltning (DN) sine nettverk.

6 Budsjett og finansiering

Det vert føresett at dette delprosjektet varer i overkant av 3 år frå 01.07.09 ti. 01.11.12, og budsjett og finansieringsplan dekkar heile denne perioden. Dersom modellen skal etablerast i fleire lokalsamfunn i prosjektperioden, vert det føresett at kostnader med dette kjem i tillegg til gjennomføringa av dette delprosjektet.

Kostnader	2009	2010	2011	2012
Løn prosjektleiar ca. 10% stilling i heile prosjektperioden	26.000,-	52.000,-	52.000,-	44.000,-
Kontorutgifter (telefon, porto, foto, kopiering mm)	5.000,-	10.000,-	10.000,-	10.000,-
Reiseutgifter	2.000,-	4.000,-	4.000,-	4.000,-
Honorar rydding, frivillige organisasjonar	25.000,-	75.000,-	75.000,-	75.000,-
Transport av boss til fylkesveg	5.000,-	15.000,-	15.000,-	15.000,-
Diverse utstyr (arbeidshanskars, store bossekkar mm) og uføresett	10.000,-	5.000,-	2.500,-	
Avslutningskonferanse				10.000,-
Bossavgift	5.000,-	10.000,-	10.000,-	10.000,-
Samla kostnader	78.000,-	171.000,-	168.500,-	168.000,-
Finansieringsplan				
Hovudprosjektet (50%)	39.000,-	85.500,-	84.250,-	84.000,-
Askvoll kommune (forvaltingstiltak)	25.000,-	35.500,-	34.250,-	34.000,-
Fylkeskommunen (Lokal Agenda 21) / regionale utviklingsmidlar	14.000,-	40.000,-	40.000,-	40.000,-
Sunnfjord Miljøverk (sponsing av bossavgift)		10.000,-	10.000,-	10.000,-
Samla finansiering	78.000,-	171.000,-	168.500,-	168.000,-

7 Forankring

Delprosjektet er godt forankra i lokalsamfunnet gjennom det arbeidet som allereie er gjort i Naturbruksprosjektet (2003 – 2005). Koplinga av rydding både inne i reservatet og i randsona ved fylkesvegen og etablerte turstiar skaper ein vinn-vinn-situasjon med auka naturkvalitet i verneområdet kombinert med ei generell forbetring av reisemålet/ rekreasjonsområda i randsona. Værlandet Vel deltok aktivt i Naturbruksprosjektet og representerar innbyggjarane på Værlandet. Godtgjersle til lokale lag og organisasjonar styrkar også den lokale forankringa.

I kommunen er prosjektet forankra gjennom at Askvoll kommune er medansvarleg for hovudprosjektet gjennom HAFS Regionråd. I tillegg samsvarar prosjektet godt med kommunedelplanen for Bulandet og Værlandet som no er under utarbeiding. Utover dette er Askvoll kommune også aktivt engasjert i realiseringa av Informasjonssenteret for Sjøfuglvern

på Værlandet. Dette senteret vil ha direkte nytte av at naturkvalitetane i Sørværet vert tekne godt vare på.

På fylkesnivå samsvarar prosjektet godt med miljøstrategiane til fylkeskommunen (Lokal Agenda 21) og fylkeskommunen si positive og aktive haldning til Informasjonssenteret for Sjøfuglvern. Fylkesmannen er også positivt involvert i realisering av sjøfuglsenteret, og har dertil engasjert seg aktivt i høve til bossproblemet i sjøfuglområda. Han har sett saka på dagsorden både i møte med Askvoll kommune og Miljøverndepartementet.

På nasjonalt nivå er prosjektet sjølv sagt forankra gjennom sjølve vernevedtaket for sjøfuglvernet på kysten av Sogn og Fjordane generelt og for Sørværet Naturreservat spesielt. Her har vi likevel ei oppgåve i å adressere sjølve søppelproblematikken endå sterke sidan verneområda på kysten enno ikkje får den same merksemd og oppfølging som t.d. nasjonalparkane i fjellet og fjordområda.

8 Samspel:

med andre delprosjekt innan hovudprosjektet

Prosjektet heng sjølv sagt nøye saman med dei andre delprosjekta i Kystarven (hovudprosjektet). Fjerning av søppel vil t.d. vere positivt for beiting i området. Aktiv rydding vil også vere haldningsskapande og kunne verke positivt inn på kunnskapsprosjektet og tilgjengeprosjektet.

For reiselivssatsinga kan det vere usikkert om det er tenleg med såpass mykje fokus på forsøpling og ureining, men på den andre sida kan historia om lokalsamfunnet som mobilisera for å ta vare på eigne naturkvalitetar, vere ein god profilbyggjar dersom den vert formidla på rette måten.

med andre lokale prosjekt som ikkje inngår i hovudprosjektet

Prosjektet vil ha positiv verdi for etableringa av eit Informasjonssenteret for Sjøfuglvern i Værøyhamna på Værlandet. Prosjektet vil auke den konkrete kjennskapen til verneområdet og kanskje motivere fleire til å sette seg grundigare inn i bakgrunnen for sjølve vernet. Slik lokalkunnskap vil Informasjonssenteret etter kvart kunne dra nytte av i sitt formidlingsarbeid.

med aktørar utanfor prosjektorganisasjonen

Det vil vere viktig å få til eit godt samspel med Statens Naturoppsyn om det praktiske arbeidet. Eit godt praktisk samarbeid med Sunnfjord Miljøverk vil også vere ønskjeleg og nødvendig.


9 Kva skjer etter prosjektperioden?

Målet med prosjektet er at vi skal finne ut om det er mogeleg å få til lokal rydding i verneområda på meir permanent basis. Dersom det let seg gjere å få på plass berekraftige lokale ordningar innanfor kostnadsrammer som vernestyresmaktene kan leve med, kan

erfaringane frå Værlandet komme permanent til nytte i ei breiare satsing for å ta vare på kystens naturkvalitetar – Kystarven.

Delprosjekt 2

Tilrettelegging for oppleving av Kystarven



1 Bakgrunn for delprosjektet

Naturen lengst vest i Sogn og Fjordane er prega av kystlynghei. Dette er ein naturtype som er forma av menneskeleg bruk gjennom tusenvis av år, og som inneheld eit betydeleg artsmangfald. Dette mangfaldet er no trua av redusert beiting og attgroing.

Eit anna særkjenne ved kystrnaturen er at utsikt og store naturopplevingar er rimeleg lett tilgjengeleg fordi avstandane til utsiktpunkta er kortare enn i fjellheimen, og fordi lyset og kontrastane i overgangen mellom havlandet og fjordlandskapet skapar variasjonar som nesten ikkje finst nokon annan stad.

Det vert difor eit paradoks at det nesten ikkje finst tradisjonar for organisert friluftsliv i dette natureldoradoet. På same måten som den tradisjonelle turistnäringa i Sogn og Fjordane er knytt til breane og dei indre fjordområda, har også det organiserte friluftslivet vore lokalisiert i indre strøk. DNt sine hytter og stiar har med få unnatak vore konsentrerte i innlandet og i fjellheimen.

Dette biletet er no i endring. Stadig fleire grupper og lag legg turane sine til utsiktpunkta i kystlandskapet, og fleire og fleire lokale turistvertar prøver å utvikle opplevingstilbod og skape kommersiell reiselivsverksemd med utgangspunkt i kystrnaturen.

På den andre sida er fiskarbonden som yrkesgruppe omrent forsvunnen. Mange små gardsbruk vert nedlagde. Beitepresset minkar eller forsvinn heilt, og attgroing truar artsmangfaldet og delar av naturopplewinga.

Vår overordna utfording er no å utvikle ein berekraftig bruk av kystnaturen som hindrar attgroing og som stimulerar ein opplevingsturisme som kan vere med på å halde oppe busettinga i kystsamfunna. For å få dette til, må vi både stelle naturen og bruke verneområda på kysten aktivt innanfor avklara tolegrenser. Sjølv om dei fleste av naturreservata i regionen er sjøfuglreservat med ferdsselsforbod i hekketida, er det også rikeleg tid og rom for vitjing elles i året, og i verneområde utan slike restriksjonar. Ved å spreie kunnskap og medvit vil ein kunne førebyggje uvettig og ulovleg ferdsel og åtferd.

Vi har difor valt å utvikle eit delprosjekt som fokuserar på tilgjenge til, og marknadsføring av kystsamfunna sine naturkvalitetar. I dette arbeidet vil vi også prøve å dra nytte av dei erfaringane vi alt ha med tilrettelagde løyper i kystnaturen – både innanfor verneområda og i randsonene.

I HAFS-området er det no etablert såkalla Nordsjøløyper i alle dei 5 kommunane. Dette er tilrettelagde og godt skilta løyper med tilhøyrande informasjonsark på tre språk som på ein lettfatteleg måte orienterar om kultur- og naturkvalitetar i løypeområdet. Desse er ein del av eit Interreg-prosjekt i EU, og dermed ein del av eit løpenettverk som strekkjer seg rundt heile Nordsjøbassenget. Dette prosjektet vert no vidareført som EU-prosjekt med fokus på profilbygging, nettbasert informasjon og auka kommersiell bruk.

I Sørværet Naturreservat er det tilrettelagd ein enkel sti inn i verneområdet. Elles er det fleire merka og umerka løyper og stiar i randsonene utanfor verneområda. Vi har også registrert etterspurnad etter tilrettelagde løyper og fiskeplassar for funksjonshemma.

Vår utfording er no å stimulere og legge til rette for auka bruk samstundes som vi skjermar sårbar natur. For å få ei god oversikt over dagens bruk av løpenettverket, reiselivsnæringa sine ønske om tilrettelegging, aktuelle tiltak for universell tilrettelegging og god balanse mellom tilrettelegging i verneområda og slusing av aktivitet til randsonene, har vi valt å dele dette delprosjektet i to. Først vil vi gjennomføre eit forprosjekt der vi saman med reiselivsnæringa, kommunane og fylkesmannen vel ut konkrete tiltak. Deretter vil vi med basis i forprosjektet sette i verk desse tiltaka så langt råd er innanfor Hovudprosjektet.

2 Målformulering og avgrensingar

Delprosjektet består av eit forprosjekt og ein gjennomføringsfase. I forprosjektet vil vi i eit samarbeid mellom dei 5 HAFS-kommunane, reiselivsnæringa og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane velje ut konkrete tilretteleggingstiltak som skal gjennomførast i verneområda og i randsonene.

Det skal også etablerast eit samarbeid med Sogn og Fjordane Fylkeskommune om samordning med EU-prosjektet Coast Alive. (vidareføring av Nordsjøløypeprosjektet).

Elles skal tiltak som etablering av nye turløyper, standardheving av etablerte løyper, universell tilrettelegging av løyper og fiskeplassar, naturinformasjon i løypene, tilrettelegging av rastepllassar, kunst som naturformidling og ulike alternativ for marknadsføring av naturopplewingane i HAFS vurderast i forprosjektet.

Forprosjektet skal munne ut i ei konkret liste over kostnadsrekna tiltak som kan gjennomførast i løpet av hovudprosjektfasen.

3 Effektar av delprosjektet – potensialet for verdiskaping

Effekt på næringsutvikling

Iverksette tiltak kan ha god effekt på lokal reiselivsutvikling, men slik effekt er avhengig av at reiselivsaktørane sjølve tek i bruk og nyttar dei tilrettelagde naturkvalitetane i si produktutvikling og marknadsføring. Difor er det ønskjeleg at næringa er med i utveljinga av tilretteleggingstiltak. Tanken med forprosjektet er å sikre felles eigarskap til tiltaka gjennom god integrering i kartleggings- og prioriteringsfasen. EU-prosjektet Coast Alive har også fokus på å auke lokal verdiskaping knytt til etablerte Nordsjøløyper. Vi trur også at felles overordna profilering av naturkvalitetane i HAFS vil ha ein direkte næringseffekt.

Effekt for utvikling av lokalsamfunnet

Dei utvalde tilretteleggingstiltaka vil etter all erfaring verke positivt inn på dei lokalsamfunna der dei vert gjennomførte. Erfaringane med Nordsjøløypene er at lett tilgjengelege turløyper nær busetnaden er attraktive både for lokale innbyggjarar og tilreisande. Ein anna lokalsamfunnseffekt vil vere at natur- og kulturinformasjon knytt til løypene lett kan formidlast til skuleklassar og barnehagegrupper. Slik kan løypene gjerast til læringsarena for lokal kultur- og naturhistorie

Effekt for lokal miljøkvalitet

Tilrettelegging og turløyper vil nødvendigvis føre til auka bruk og aktivitet. Dette er sterkt ønskjeleg i nokre tilfelle, men meir problematisk dersom det kan uroe sjøfugl eller andre sårbare artar, særleg i utsette periodar som t.d. hekketida. For å få til ein balansert og berekraftig bruk, må vi skjerme sårbar natur ved å legge tilrette i randsonene, slik at ferdsla vert kanalisert på ein god måte. I mange tilfelle kan det vere rett også å tilrettelegge for ein viss bruk av sjølve verneområda. Dette er viktig for å skape kunnskap om vernekvalitetane og lokal eigarskap til verneverdiane.

Gjennom eit godt samordna forprosjekt trur vi det er mogeleg å skape ei fornuftig fordeling av aktivitet mellom verneområda og randsona. Siktemålet er at delprosjektet skal bidra til at naturverdiane vert tekne vare på, gjennom at auka kunnskap og eigarskap skal føre til bedre forvalting og respekt for verneverdiane.

Korleis måler vi effekten

Det vil vere vanskeleg å måle den direkte økonomiske effekten av auka tilrettelegging for naturbruk. Vi kan sjølv sagt måle volumutvikling for reiselivsnæringa, men dersom vi skal nytte offentleg statistikk, er vårt område så lite at det heftar stor usikkerheit ved SSB-statistikken. Dessutan er ein høvesvis stor del (over 50%) av vår trafikk ikkje registrert i SSB-systemet (båtturisme, små utleigeeiningar og organiserte gruppeturar i regi av turlag og andre)

Sidan dette ikkje er betalte produkt, vil vi heller ikkje kunne få noko presist tal på brukarar av t.d. turløyper, men her kan vi etablere postar der dei besøkjande registrerer seg ved besøk.

Eit alternativ kan vere spørjeundersøkingar retta direkte mot reiselivsnæringa samanstilt med korrigert offentleg reiselivsstatistikk, men estimata vil uansett vere usikre. I nokre av lokalsamfunna kan ofte omsetningstala i nærbutikken vere gode indikatorar for utviklinga i turisttrafikken, og på øyane vil utvikling i passasjertal med ferje- og båtruter vere relativt sikre indikatorar, men uansett må det gjerast lokale spørjeundersøkingar for å få sett saman relevant informasjon.

Effekt på miljøverdiar kan vere vanskeleg å måle. Tal hekkande par eller hekkesuksess kan vere ein målestokk i sjøfuglkoloniar, men avheng i praksis like mykje av eksterne faktorar (slik som næringstilgangen i havet). Eit anna mål kan vere grad av slitasje, forsøpling etc. Fylkesmannen vil arbeide parallelt med dette, i form av etablering av såkalla "bevaringsmål" for verneområda.

Vurdering av moglege negative effektar

Berekraft er eit stikkord for all reiselivsutvikling. I vårt område eksisterar det ikkje noko volumproblem i høve til infrastruktur. Snarare tvert om – utfordringa er å skape trafikk og aktivitet for å påverke busetnadsmønsteret og kulturlandskapet i positiv retning.

Likevel kan auka reiselivsaktivitet i verna og sårbar natur skape negative effektar. Dette kan motverkast gjennom aktiv informasjon og god balanse mellom tilrettelegging i verneområda og randsonene, saman med ei løpende overvaking av tiltaka.

4 Organisering og gjennomføring av delprosjektet

Dette delprosjektet vert i den første fasen organisert som eit forprosjekt direkte under Hovudprosjeekteigar HAFS Regionråd og med prosjektleiarene for hovudprosjektet som ansvarleg for gjennomføring av forprosjektet. Når forprosjektet er ferdig, må det etablerast ei ny prosjektorganisering for gjennomføring av dei tiltaka som skal gjennomførast. Denne organiseringa må etablerast på dei stadene der konkrete tiltak skal gjennomførast.

Tidfesta hovudaktivitetar i forprosjektet

Forprosjektet vert gjennomført i tidsrommet 01.07.09 – 31.12.09.

Tidsrom	Aktivitet
01.07.09 – 01.10.09	Det vert førebudd og gjennomført felles planleggingsmøte med HAFS-kommunane, fylkesmannen, fylkeskommunen og representantar for den lokale reiselivsnæringa.
01.11.09 – 01.12.09	Med bakgrunn i innkomne innspel vert det utarbeidd ein konkret tiltakspakke som vert lagd fram for HAFS Regionråd (styringsgruppa)
01.12.09- 31.12.09	Lokalt ansvar for gjennomføring av tiltak vert endeleg fastlagt og arbeidet med finansiering av tiltakspakka vert starta opp
01.01.10- 01.07.13	Prioriterte tiltak vert finansierte og gjennomførte

5 Kopling til det nasjonale programmet sine strategiar og delmål

Dette delprosjektet samsvarar godt med *Delmål 1: Verdiskaping* i det nasjonale prosjektet. Her har strategi 1 om *målretta og naturvenleg tilrettelegging* direkte relevans, men også strategi 3 vedkommande samarbeid mellom private aktørar og offentleg forvaltning på ulike nivå er særrelevant.

6 Budsjett og finansiering

Utgifter forprosjekt	2009	2010	2011	2012
Lønskostnader (inkl sosiale utgifter) forprosjekt (ca.1,2 mndv.)	50.000,-			
Møteaktivitet mm	7.000,-			
Reiseutgifter synfaringar	7.000,-			
Kontorhald	10.000,-			
Samla kostnader	74.000,-			
Finansiering				
Hovudprosjektet (50%)	37.000,-			
HAFS Regionråd (RUP-midlar)	27.000,-			
HAFS Regionråd (kontorhald)	10.000,-			
Samla finansiering	74.000,-			

7 Forankring

Delprosjektet vil bli godt forankra i lokalsamfunna ved at tiltakspakka blir utvikla gjennom forprosjektet i tett samarbeid mellom kommunane, lokale reiselivsaktørar, fylkesmannen og fylkeskommunen. Alle kommunane har erfaringar med tilrettelegging av Nordsjøløyper og alle kommunane har eit tiltaksapparat/ landbrukskontor med god kunnskap om lokale reiselivsaktørar og lokale naturkvalitetar. Aktuelle tiltak må dokumentere både lokal forankring og lokal gjennomføringsevne for å kunne bli prioriterte i tiltakspakka.

I kommunane må tiltaka vere forankra i gjeldande arealplanar i tillegg til at det må ligge føre avtale med grunneigar. Kommunane vil også kunne verte involverte i finansiering av lokale tiltak gjennom løying av SMIL-midlar eller tilskot frå dei kommunale næringsfonda.

Regionen har også eit eige reisemålselskap – Stiftinga Jensbua – som vil vere ein naturleg medspelar for tilrettelegging av fellestiltak i reiselivet (profilering av naturopplevingar i området, kompetanseutvikling med meir) Dette er forankra i Jensbua sin produkt- og marknadsplan.

På fylkesnivået vil det nye nordsjøløypeprosjektet Coast Alive vere eit godt forankningspunkt mot fylkeskommunen si kulturavdeling. Like eins er fylkesdelplan 2006 – 2009 eit godt fundament for tilrettelegging for naturbruk. Her kan det nemnast at spelemidlar alt har vorte nytta i mange Nordsjøløype- trasear. Fylkesmannen vil vere involvert automatisk gjennom miljøvernnavdelinga når det gjeld tilrettelegging innanfor verneområda, men også landbruksavdeling med sin fagkunnskap på tiltak i kulturlandskapet, vil vere aktuelle.

På nasjonalt nivå vil delprosjektet og tiltaka først og fremst vere forankra i vernevedtak og overordna naturbruksstrategiar

8 Samspel

Delprosjektet og dei prioriterte tiltaka vil henge nøyne saman med dei andre delprosjekta i Kystarven (Hovudprosjektet). Vedlikehald av kulturlandskapet vil vere avgjerande for vellukka tilrettelegging. Profileringsarbeidet vil ha avgjerande innverknad på nytteeffekten av dei fleste andre delprosjekta.

Av prosjekt som ikkje inngår direkte i hovudprosjektet, men som tiltaka vil samspele aktivt med, kan nemnast dei etablerte Nordsjøløypene. Like eins er "Arven frå Vikingtida" eit etablert kultur- og reiselivsprosjekt som det nye Kystarvprosjektet kan dra nytte av.

Mange lokalsamfunn i HAFS driv aktiv bygdeutvikling, og mange har delteke i Bygdeutviklingsprogrammet til Fylkesmannen i Sogn og Fjordane. I fleire bygder vil det vere aktuelt å samordne tiltak mot aktivitet som har vore gjord, eller som er under planlegging i dette programmet.

Tilgjenge til verneområde og kystrør kan også vurderast i ein større samanheng, og då er båtruter og transport heilt avgjerande. Øyhopping er eit rundreiseprodukt basert på offentlege kommunikasjonar som bringar dagsturistar ut i øysamfunna. Gjennom vårt prosjekt kan vi stimulere dei til å stige av båten og ta naturkvalitetane nærmare i augesyn. Her må samspelet bestå i å profilere og marknadsføre kystrørne saman med rundreisetilbodet. Så blir det opp til den einskilde turistverksemd å utvikle pakkar som kan inkludere både transporttilbodet og dei tilrettelagde naturkvalitetane.

Også landsdelselskapet Fjord Norge og prosjektet Innovativ Fjordturisme har prosjekt og aktivitetar som omfattar dette området, til dømes *Stedsutvikling på Fjordkysten*.

9 Kva skjer etter prosjektperioden?

Erfaringar frå tidlegare prosjektarbeid er eintydige når det gjeld forankring av konkrete tilretteleggingstiltak i kultur og/ eller naturlandskapet. Før tiltaka vert sette i verk, må det vere på plass ein lokal eigarorganisasjon som har eigeninteresse av å halde tiltaka ved like, og som kan forplikte seg til å gjere dette framover i tid (10 til 20 år). Dette kan vere idrettslag, bygdeutviklingslag eller lokale reiselivslag. Det er også ein føresetnad at kommunane og den regionale reiselivsorganisasjonen støttar dei tiltaka som skal realiserast.

Delprosjekt 3:

Kunnskap om Kystarven



Bakgrunn for delprosjektet

Kystlandskapet er noko midt mellom natur- og kulturarv. Lyngheiane og naturbeitemarka er påverka av menneska og deira beitedyr, men ikkje i

så stor grad at landskapet framstår som kultivert og fullstendig menneskeforma.

Etterkvar som næringsstrukturen på kysten har endra seg og beitepresset har avteke eller blitt heilt borte mange stader, ser vi at landskapet er i sterk endring. Dette har også innverknad på artsmangfaldet og landskapet sitt visuelle uttrykk.

Då Sørværet og seinare mange andre område langs kysten av Sogn og Fjordane vart verna i 1991 og 1993, skjedde det ikkje utan lokale konfliktar. Det oppstod ein kompetansekonflikt mellom dei som hadde studert vernegrunnlaget - ekspertane, og dei som hadde forvalta desse områda i generasjonar - grunneigarane og kystbefolkningen. Dei store endringane i landskapet vart av mange tolka som at vernet var feilslått, og det var lite dialog om kva som kunne gjerast for å ta vare på artsmangfaldet.

På same måten som verneområda no er i endring, har også klimaet for kunnskapsutveksling mellom verneforvaltninga og lokalbefolkningen etterkvar endra seg. Fleire og fleire ser at verneområda kan ha ein verdi for næringsutvikling i randsona utanfor.

I denne situasjonen ønskjer vi å byggje opp ein kunnskapsbase om artsmangfaldet, verneverdien og endringane som skjer i kystlandskapet. Dette gjeld sjølvsagt sjøfuglbestanden, men også attgroing, effekten av beiting og lyngbrenning, effekten av ein veksande hjortestamme og effekten av tilplanting/ fjerning av plantefelt som har skjedd.

Skal denne kunnskapen kunne brukast av reiselivsnæringa, gardbrukarar, studentar, leirskulelevar og den lokale skulen, må vi også byggje opp lokal formidlingskompetanse og etterkvar skape eit integrert nettverk der forvaltarar, naturfagleg ekspertise og lokale formidlarar og brukarar kan utveksle erfaringar og kunnskap.

2 Målformulering

Delprosjektet skal gjennomføre ei oppdatering av artlistene og ei generell kartlegging av miljøtilstanden i utvalde verneområde i Askvoll og Solund. Føremålet er å skaffe oversikt over artane i verneområda, gjere samanlikningar mellom ulike verneområde og vurdere endringar som har skjedd sidan vernet vart vedteke.

Desse opplysningane skal gjerast tilgjengelege i ein kunnskapsbase som kan oppdaterast fortløpende etterkvar som nye undersøkingar kjem til.

Samstundes skal det utviklast lokal formidlingskompetanse slik at kunnskapen om verneområda og endringane som finn stad i kystlandskapet, kan brukast i reiselivsutvikling, i undervisning og i høve til grunneigarar som vil nytte kystlyngheia som beite.

3 Effektar av delprosjektet – potensialet for verdiskaping

Effekt for næringsutvikling

Kunnskapsprosjektet vil kunne ha effekt for reiselivsaktørar som vil integrere kunnskapen om utvikling av kystlandskapet i sine produktpakkar. Dette kan skje i form av guiding ute i terrenget eller ved hjelpe av utstillingar t.d. på Utvær og i Informasjonssenteret for Sjøfuglvern på Værlandet. Sauehaldarar kan ha nytte av prosjektet, men desse vil også ha mange andre informasjonskjelder om effekten av sviing og beiting i kystlandskapet.

Kunnskapsbasen vil også kunne brukast ved utarbeiding av profilermateriell og dokumentasjon av naturarven i HAFS-området – Kystarven. Oppbygging av formidlingskompetanse vil kunne ha direkte effekt for t.d. reiselivsnæringa.

Effekt for utvikling av lokalsamfunnet

Kunnskapsprosjektet kan danne grunnlag for undervisningsopplegg i skulen og evt. danne basis for framtidig utvikling av eigne leirskuletilbod. Prosjektet vil også kunne skape motivasjon for andre delprosjekt som bossrydding og tilrettelegging av tilkomst i områda. Kunnskapsbasen og kunnskapsnettverket bør også skape auka lokal forståing for verneverdiane og stoltheit i marknadsføring av desse verdiane. Her er koplinga mellom kunnskap og identitet heilt avgjeraende, og denne koplinga må skje i lokalsamfunnet dersom ho skal vere truverdig.

I tillegg er det særsviktig at representantar frå lokalsamfunna i randsonene til verneområda skaffar seg innpass i dei nettverka av forvaltning og forsking som legg premissane for kva som skal skje i verneområda. Kunnskap er nøkkelen til medverknad. Difor bør randsonesamfunna ha gode personlege nettverk til dei fagmiljøa der kunnskapen vert forvalta og brukt.

Effekt for lokal miljøkvalitet

Kunnskapsbasen vil vere ein viktig reiskap for utarbeiding av forvaltningsplanar for dei einskilde verneområde. Kunnskapsbasen vil også vere ei god plattform for kommunikasjon mellom miljøstyresmaktene og lokalsamfunna om kva slag tiltak som bør og kan gjerast i verneområde både i høve til ivaretaking av artsmangfaldet og i høve til berekraftig kommersiell utnytting. Kunnskapsbasen vil kunne vere ein viktig referanse ved uarbeitning av forvaltningsplanar også utanfor dei utvalde områda som inngår i dette prosjektet.

Korleis måler vi effekten ?

Verdiskapingseffekten av dette tiltaket vil uansett vere indirekte. Effekten av oppbygging av formidlingskompetanse kan nok knapt målast direkte i reiselivsstatistikk, men målretta spørjeundersøkingar til reiselivsnæringa i dei nærmeste randsonene kan gje indikatorar.

Dersom kunnskapsbasen vert nytta som grunnlag for t.d. utstillingar på Utvær/ Gåsvær og på Informasjonssenteret for Sjøfuglvern på Værlandet, kan vi også måle ein indirekt verknad ved å måle desse utstillingane sin innverknad på trafikken til reisemålet. Klarar vi å nytte kunnskapsbasen til produksjon av godt fagleg basert profilermateriell som t.d. praktbøker, film og gode presentasjonar på internett, kan vi kanskje måle effekten av dette gjennom gjesteundersøkingar.

Det kan også tenkjast at det over tid kan målast effektar på artsmangfaldet ved at kunnskapsbasen skapar grunnlag for gode forvaltingstiltak. Kunnskapsbasen vil i alle høve gje godt grunnlag for måling av dynamikken i verneområda.

Effekten i høve til lokalsamfunnsutvikling kan t.d. målast gjennom spørjeundersøkingar om haldninga til vernet, men også ved registrering av kunnskapsnivået i skulen og registrering av studentar, skuleklassar og andre som kjem til verneområda for å studere og oppleve vernekvalitetane.

Mogelege negative effektar?

I utgangspunktet er det vanskeleg å tenkje at oppbygging av kunnskap skal ha negative effektar, men flora- og faunakriminalitet kan vere ein uønskt effekt. Dette kan ein kanskje unngå ved å regulere tilgangen til informasjon om nøyaktig lokalisering av svært sårbare artar.

4 Organisering og gjennomføring av delprosjektet

HAFS Regionråd er prosjekteigar og prosjektleiarene for hovudprosjektet deltek i styringsgruppa, men sidan litt av bakgrunnen for dette prosjektet er å kople kunnskap mellom ulike nivå og ulike miljø, vil representantar frå fylkesmannen si miljøvernavdeling og lokalsamfunna vere dei mest naturlege medlemmane i ei styringsgruppe.

Forslag til samansetting av styringsgruppe:

Ein representantar frå fylkesmannen si miljøvernavdeling som også er prosjektansvarleg. Ein representant frå regionalavdelinga i Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Ein representant utpeika av Solund kommune. Ein representant utpeika av Værlandet Vel. Prosjektleiar for hovudprosjektet.

Prosjektleiing

Ein medarbeidar ved fylkesmannen si miljøavdeling vert utpeika som prosjektleiar, eller det vert tilsett eigen prosjektleiar på engasjement. Prosjektleiar førebur møta i styringsgruppa og gjennomfører prosjektplanen i samsvar med styringsgruppa sine vedtak. Fylkesmannen i Sogn og Fjordane fører prosjektreknescapen.

Tidfesta hovudaktivitetar

Delprosjektet varer frå 01.07.09 til 31.12.12. Det er naudsint med ein høvesvis lang prosjektperiode for å sikre at ein har tilgang til nødvendig fagekspertise innanfor prosjektperioden.

Tidsrom	Aktivitet
01.07.09 - 01.11.09	Etablering av delprosjektet med prosjektleiar, styringsgruppe mm. Forankring hos partnerar, arbeid med fullfinansiering. Val av verneområde og randsoneområde som skal undersøkjast.
01.11.09 - 01.02.10	Utarbeiding av detaljert handlingsplan for opparbeiding av kunnskapsbasen.
01.02.10 – 01.05.12	Feltarbeid og etablering av kunnskapsbasen
01.01.11 - 01.03.12	Etablering av lokalt "formidlingsnettverk" med deltakarar frå reiselivsnæringa, skuleverket, kommunane, grunneigarar, landbruksorganisasjonar mm
01.03.12 – 31.12.12	Gjennomføring av "formidlingsopplæring" med basis i kunnskapsbasen

5 Kopling til det nasjonale programmet sine strategiar og delmål

Kunnskapsprosjektet samsvarar godt med strategi 2 (*bidra til profesjonell produktutvikling*) under verdiskapingsmålet i det nasjonale programmet. Her er også godt samsvar med strategi 3 under same delmål (*samarbeid om ivaretaking og verdiutvikling med basis i naturarven*). Prosjektet samsvarar også godt med alle strategiar under delmål 2 og 3.

6 Budsjett og finansiering

Utgifter	2009	2010	2011	2012
Lønnskostnader prosjektleiar 20% stilling	56.250,-	112.500,-	112.500,-	112.500,-
Møteaktivitet	5.000,-	5.000,-	5.000,-	5.000,-
Kontorhald	5.000,-	10.000,-	10.000,-	10.000,-
Reiseutgifter prosjektleiar, konsulentar, kursdeltakarar	10.000,-	10.000,-	10.000,-	10.000,-
Innkjøpte tenester (feltarbeid, oppbygging av kunnskapsbasen, formidlingskompetanse)		150.000,-	150.000,-	150.000,-
Gjennomføring av formidlingskurs (3 samlingar i 2012)				60.000,-
Samla utgifter	76.250	287.500,-	287.500,-	347.500,-
Finansiering				
Hovudprosjektet (50%)	38.125,-	143.750,-	143.750,-	173.750,-
Fylkesmannen (kontorhald)	5.000,-	10.000,-	10.000,-	10.000,-
Fylkeskommunen (regionale utviklingsmidlar)	33.125,-	133.750,-	133.750,-	33.750,-
Tilskot til kompetansebygging og formidlingskurs frå Innovasjon Norge				100.000,-
Eigenbetaling kursdeltakarar/ tilskot frå kommunale næringsfond				30.000,-
Samla finansiering	76.250	287.500,-	287.500,-	347.500,-

7 Forankring

Kunnskapsprosjektet er forankra i lokalsamfunnet mellom anna gjennom Naturbruksprosjektet (2003 – 2005) på Værlandet og Solundprosjektet (1999 – 2009) som omhandlar beiting og sviing av lyng for å få fram att gammal kulturmark. Planane om eit Informasjonssenter for Sjøfuglvern på Værlandet er også med på å skape lokal motivasjon for realisering av prosjektet. Samarbeidsprosjektet med Skottland i 2006 og 2007 gav også mange frå Værlandet ny innsikt i kva godt dokumentert naturkunnskap kan bety for lokal reiselivsutvikling. I Solund har næringsutvikling med basis i villsau og beiting ein årelang tradisjon.

I kommunane er prosjektet først og fremst forankra gjennom vedtekne arealplanar, men også ved at kommunane spelar ei aktiv rolle i høve til informasjonssenteret på Værlandet og

utvikling av turisme til Utvær og Gåsvær. Kommunane sitt mangeårige arbeid med etablering av Nordsjøløyper gjev også godt ankerfeste for tankane bak kunnskapsprosjektet.

På fylkesnivået vil prosjektet vere forankra både i fylkeskommunen sitt planfaglege arbeid og hos fylkesmannen som har ansvaret for å lage forvaltningsplanar for verneområda, og som har engasjert seg positivt for å heve statusen til verneområda på kysten.

8 Samspel

med andre delprosjekt innan hovudprosjektet

Kunnskapsprosjektet er på mange måtar fundamentet for dei andre delprosjekta. Både profilering, tilrettelegging for tilkomst, produktpakking med basis i lokale naturkvalitetar og auka beiting er avhengig av at vi har god basiskunnskap om eigen naturarv og evne til å formidle kunnskapen.

med andre lokale prosjekt som ikkje inngår i hovudprosjektet

Her er det igjen naturleg å trekke fram Informasjonssenteret på Værlandet, men også reiselivsprosjektet Kort- og Godt (utvikling og sal av opplevingspakkar) i Solund, Øyhoppingsprosjektet (rundtur med buss, båt og ferje i kystlandskapet) og opplevingsprosjektet Nordsjøportpasset i Balandet og Værlandet vil vere naturlege å trekke fram. I ein større reiselivssamanhang vil auka kunnskap om Kystarven også supplere dei meir kulturbaserte prosjekta Arven frå Vikingtida, Gulatinget og Kvernsteinsparken i Hyllestad.

med aktørar utanfor prosjektorganisasjonen

Bioforsk sin forskningsstasjon på Fureneset i Fjaler som leiar eit større forskningsprosjekt på beiting i kystlandskapet, vil vere ein svært aktuell samarbeidspart. Også Vestlandsforskning kan vere ein aktuell partner i arbeidet med utvikling av kunnskapsbasen.

9 Kva skjer etter prosjektperioden?

Kunnskapsbasen vil verte forvalta og oppdatert av fylkesmannen. Informasjonen vil danne grunnlaget for publikasjonar og informasjonsmateriell om kystlandskapet og verneområda.

Målet er også å få skuleverket til å nytte basen aktivt, og at basen saman med formidlingskompetansen kan inngå i stadig nye reiselivsprodukt og opplevingspakkar med basis i natur- og kulturarven.

Delprosjekt 4:

Sauen røktar Kystarven

- mobilisering for auka sauebeite i viktige naturtypar på kysten



1 Bakgrunn for delprosjektet

Naturen lengst vest i Sogn og Fjordane er prega av langvarende kulturpåverknad gjennom m.a. sviding og beiting. Naturtypene kystlynghei og naturbeitemark dekte i lang tid øyane i vest.

Kystlynghei er beitemark som er dominert av lypplanter og er dannet på grunn av menneskeleg bruk gjennom tusenvis av år. Heiane vart beita og brent slik at nye og meir næringsrike lypplanter skulle kome opp, og slik at heia ikkje skulle vekse til med skog.

Naturbeitemarker kallar ein beitemarker som er lite påverka av jordarbeid og gjødsling. Her finn ein ei rekke engplanter, og då særleg om jorda er kalkrik. Her finn ein også ei rekke artar av beitemarkssopp. Mange av desse er sterkt truga av at leveområda forsvinn i heile Europa.

Desse naturtypene er i dag akutt truga m.a. av attgroing som følge av opphøyr av tradisjonell drift, nitrogenreining og fragmentering som følge av utbygging langs kysten.

Ved kartlegging av biologisk mangfald i HAFS-kommunane vart det registrert mange viktige naturbeitemarker og kystlyngheier. Solund vart i den samanheng trekt fram som ein av dei viktigaste kommunane på kysten frå Stadt til midtre del av Hordaland når det gjeld ivaretaking av biologisk mangfald i kulturlandskapet, særleg knytt til kystlynghei og naturbeitemarker (G.Gaarder 2006). Tilstanden varierer for dei enkelte lokalitetane, men mange lokalitetar er truga av byrjande attgroing. Mange lokalitetar med viktige naturbeitemarker og kystlyngheiar ligg innanfor områder verna som sjøfuglreservat, men det er også viktige områder som ligg i randsonene til naturreservata og i andre viktige naturområde.

Redusert husdyrhald trugar i dag det biologiske mangfaldet på store delar av kysten. Attgroinga fører til tap av sjeldne oseaniske planteartar t.d. kystblåstjerne *Tractema verna*, som har sitt kjerneområde i Askvoll. Mange raudlista artar i gruppa beitemarksopp er og truga av attgroing. Enkelte sjøfuglartar og våtmarksfugl vert og påverka negativt av redusert beiting. Det har tradisjonelt vore drive aktivt sauebeite innanfor dei fleste verna sjøfuglområda i regionen. Nedgangen i fugletettleik ser ut til å ha gått parallelt med reduksjonen av beite i områda.

Attgroing gjer og landskapet mindre attraktivt for friluftsliv og reiseliv, sidan høg lyng og kratt gjer områda næraast uframkomeleg og reduserer opplevingskvalitetane. Stimulering til auka beitebruk vil difor kunna gje auka verdiskaping på fleire plan.

Solund kommune har dei siste åra hatt ein bevisst satsing på å få til auka beite og skjøtsel av områder med dei truga naturtypane kystlynghei og naturbeitemark. Det har vore satsa på å få til samarbeid om beite med utegangarsau/villsau i områder der tradisjonelt beite var opphøirt. Det har ført til at tal sau i Solund har auka med om lag 50% (Kjelde SLF: Vinterdyr søkt prod.tilskot 1602 dyr i 2006 til 2658 dyr i 2009). Solund er einaste kommunen i Sogn og Fjordane som kan vise til auke i sauetalet i denne perioden. Satsinga har ført til at fleire øyar med kystlynghei og naturbeitemark no aktivt vert nytta til beiteland. I 2007 vart det teke opp att sauebeite innan det nasjonalt viktige kulturlandskapet på Utvær. Innføringa av tilskot til beite av artsrik eng via RMP-ordninga har medverka til at viktige naturbeitemarker har vorte noko meir interessante som beiteområde. Enkelte brukarar i Solund hentar i dag ut store ekstra tilskot fordi dei har beitedyr på viktige naturbeitemarker.

Villsau/utegangarsau vil med dei driftsformene som er vanleg i Solund, lett kunne godkjennast som økologisk produkt.

Det er bør vere eit mål å spreie erfaringar og kunnskap frå satsing på auka beitebruk i utmark frå Solund til andre øysamfunn i området. Det må vere særleg fokus på å betre skjøtsel av verna område (sjøfuglreservat) og andre viktige naturområde, t.d. ugjødsla naturbeitemarker og kystlyngheiar.

Vår overordna utfording er no å synleggjere mogelegheiter for auka beitebruk i viktige naturtypar på kysten vår for å hindre attgroing og dermed ta vare på naturkvalitetar og opplevingskvalitetar som kan danne grunnlaget for berekraftig bruk og vere med på å halde oppe busetjinga i kystsamfunna.

2 Målformulering og avgrensinger

Det skal ved møter, nettverksamlingar og kurs mobiliserast til auka interesse for sauehald i viktige naturbeitemarker og kystlyngheiar på kysten av HAFS. Prosjektet skal og bistå med kunnskap og råd for dei som ynskjer å starte med sau.

Skjøtsel av viktige naturtypar skal betrast innanfor verneområder og i randsona til verneområder på kysten.

Det skal etablerast minst 10 nye sauedrifter med utegangarsau i løpet av ein 5 årsperiode etter at prosjektet er starta opp. I same perioden er målsetjinga å auke dyretalet med minimum 1500 utegangarsau.

Lokal bruk av villsaukjøt skal aukast gjennom opplegg for kompetanseheving for serveringsbedrifter i regionen. Det skal jobbast med konkrete tiltak for å auke vidareforedlinga av produkt relatert til kystsauen.

Det skal gjennomførast tiltak for å legge til rette for kommersielle opplevelsesprodukt knytt til sauehald i naturtypane kystlynghei og naturbeitemark.

3 Effektar av delprosjektet – potensialet for verdiskaping

Effekt på næringsutvikling

Landbruksnæringa i dei ytste kystområda er mange stader utradert, auka sauetal er difor viktig for næringsutviklinga i desse områda både direkte (primærproduksjon og foredling av landbruksprodukt) og indirekte (betra tilhøve for utvikling av reiseliv og friluftsliv). Reiselivet i regionen har i fleire år prøvd å leggje til rette for utvikling av natur- og kulturbaserte opplevelingstilbod, m.a. er det gjennomført eit mindre prøveprosjekt kalla *Villsausafari i Solund*. Å få etablert kommersielle opplevelingstilbod som baserer seg på berekraftig bruk av viktige naturområde, vil vere viktig for reiselivet i regionen.

Utviklinga som har vore i sauehaldet i Solund dei siste åra, tyder på at det er eit unytta potensiale innan sauehald i ytre delar av HAFS. Mykje av dette potensialet knyter seg til viktige naturtypar og kulturlandskap, dette gjer miljøtilskotordningar som SMIL og RMP til gode ordningar for brukarar som ynskjer å ha beitedyr i slike område. Det ligg godt til rette for at betaling for produksjon av miljøgoder kan vere ein viktig del i utviklinga av nytt beitebruk på kysten.

Nye driftsformer med samarbeid og enkel drift med utegangarsau/villsau kan leggje grunnlag for nyetableringar av landbruksnæring på kysten.

Godt skjøtta kystlynghei og naturbeitemarker med aktiv drift vil vere positivt når HAFS skal marknadsførast som eit område for natur- og kulturbasert reiseliv.

Effekt for utvikling av lokalsamfunnet

Auka beitebruk i utmark og betra skjøtsel av biologisk verdifulle innmarksområde vil vere svært positivt for lokalsamfunna. Beitebruk vil opne opp landskap som er i ferd med å gro att, noko som vil vere bra estetisk og gje auka tilgjenge i utmarka.

Betra tilhøve for friluftsliv i beita områder vil gjere områda meir attraktive for lokale innbyggjarar og tilreisande.

Fleire sauar på beite vil gje verdiskaping innan primærproduksjon og leggje grunnlag for lokal foredling av landbruksprodukt.

Effekt for lokal miljøkvalitet

Dei ytste øyane på kysten har tradisjonelt vore viktige beiteområder. Særleg øyar med mykje sjøfugl hadde gode beite. I dei fleste sjøfuglreservata var det ved fredningstidspunktet saubeite innanfor verneområdet. Auka beitebruk er i dei fleste tilfelle viktigaste skjøtselstiltak for å ta vare på det biologiske mangfaldet i naturbeitemark og kystlynghei. Auka beite vil sannsynlegvis betre tilhøva for fleire raudlista fugle-, plante, sopp- og lavartar.

Undersøkingar gjort av Miljøfaglegutredning AS i verneområder og randsoner til desse i Solund viser klart at det i område med stabilt beitetrykk finst fleire truga og sårbare artar av beitemarksopp.

Friluftsliv vert enklare og meir attraktivt å drive i lystheiar som vert beita og skjøtta med lyngbrenning. Friluftsliv er mest aktuelt i randsonene til verneområda.

Korleis måler vi effekten

Ein naturleg måte å måle effekten av tiltaka er å fylgje med i utviklinga av beitande sau i dei ytre kystområda. Alle som mottek produksjonstilskot rapporterer 2 gonger årleg. Det vil vere noko vanskelegare å få fram tal for bruk med sau som ikkje mottek produksjonstilskot.

Den økonomiske effekten kan stipulerast utifrå ein evt. auke i sauetal i dei aktuelle områda. Det er viktig at ein då ikkje ser på tala for heile kommunar men for dei aktuelle delane av kvar kommune.

Ved å sjå på utviklinga i søknader om SMIL-midlar og RMP-midlar kan ein og få indikasjonar på verknaden av prosjektet. Dersom fleire søknader rettar seg mot beitebruk på kystlynghei og naturbeitemark kan ein gå ut i frå at prosjektet har hatt effekt.

For å måle effekt på vegetasjonen vil det gjennomførast registreringar for å samanlikne vegetasjonen på holmar der beite vert starta opp att og andre nærliggjande holmar som ikkje vert beita. Dette skal gjerast i samarbeid med eit anna delprosjekt (Kunnskapsprosjektet)

Vurdering av mogelege negative effektar

Det er viktig at alle aktørar som startar opp med husdyrhald har nødvendig kompetanse og at dei er seriøse. Sauehald på kysten har enkelte føremoner ved at sauene i mindre grad har trong for bygningar, og at enkelte rasar t.d. villsau ikkje treng like mykje tilsyn og hjelp t.d. ved lamming. Det er likevel klare krav til alle som vil halde sau som husdyr. Det er svært viktig for prosjektet og for sauehaldet på kysten at ein unngår tilfeller av vanskjøtsel. Det må difor leggjast vekt på kompetansekrav i all informasjon.

Det er eit stort underskot på beitande sau i dei ytre deler av HAFS-kommunane i dag. På dei fleste øyar er det i dag område som treng meir beitedyr. Det er såleis liten fare for overbeite. Overbeite kan likevel vere eit lokalt problem dersom useriøse aktørar har for mange sauar på for lite område. Kunnskap og informasjon er dei beste virkemidla for å unngå overbeite.

Auka beitebruk i sjøfuglverneområda kan medføre uroing for sjøfugl, særleg i hekkeperioden. Det er difor viktig at det vert teke særleg omsyn til sjøfugl ved tilsyn og anna arbeid i verneområda.

4 Organisering og gjennomføring av delprosjektet

Delprosjektet omfattar mobiliseringsverksemnd for å få fleire beitedyr på kysten. Det skal tilsetjast ein prosjektleiar som med bakgrunn i erfaringar frå Solund skal jobbe aktivt ut mot aktuelle områder for å få til meir sauebeite i fleire viktige naturområde.

Det vert etablert ei eiga styringsgruppe med ein representant frå Fylkesmannen si landbruksavdeling, 2 medlemmar frå HAFS-kommunane der den eine kjem frå Solund og er prosjektansvarleg og ein representant frå villsaunæringa.

For å tilrettelegge for utvikling av kommersielle opplevingsprodukt knytt til sauehald og kulturlandskap skal det i samarbeid med reiselivsaktørar og det regionale reisemålselskapet arrangerast kurs og nettverkssamlingar for serveringsverksemder og tilbydarar av naturbaserte opplevingsprodukt.

Solund kommune fører rekneskap for delprosjektet.

Landbrukskontora i HAFS-kommunane vil og bidra med viktig informasjon til prosjektleiar.

Tidfesta hovudaktivitetar

Delprosjektet varer frå 01.07.09 – 01.11.12. I forkant av sjølve prosjektperioden må det sendast inn søknader om SMIL-midlar til HAFS-kommunane for å sikre delfinansiering i 2009, dette grunna korte søknadsfristar. Prosjektet krev langsiktig jobbing og resultata frå prosjektet vil truleg fyrst verte synlege i slutten av prosjektperioden. Sjølv om det finst motivasjon lokalt, vil det ta tid å etablere ny sauедrift i områder der det ikkje er att sauebruk. Samarbeidsprosjekt vil ofte krevje noko tid før dei kan realiserast, sidan det ofte vil vere mange involvert.

Tidsrom	Aktivitet
01.07.09 – 01.10.09	Etablering av delprosjekt med prosjektleiar, styringsgruppe mm. Skaffe oversikt over viktige lokalitetar som treng meir beite. Førebuing av 1. møteserie i HAFS-kommunane.
01.10.09 – 01.01.10	Gjennomføring av 1. møteserie i HAFS-kommunane. Kome i kontakt med eigalarar av potensielle områder og interesserte potensielle brukarar. Nettverksbygging. Mobilisering, motivering, informasjon og rådgjeving.
01.01.10- 01.11.12	Motivering, rådgjeving og informasjon. Planlegging og gjennomføring av kurs og nettverksamlingar for sauehaldarar Utarbeidning av opplevelingstilbod og matopplevelingar med villsau som tema.

5 Kopling til det nasjonale programmet sine strategiar og delmål

Dette delprosjektet samsvarar godt med både verdiskapingsmålet (delmål 1) og delmål 2 om å ta betre vare på naturen, i det nasjonale programmet. Både strategi 2 og 3 under verdiskapingsmålet høver godt for dette delprosjektet. Strategi 6 ser også ut til å vere heilt skreddarsydd for prosjektet. Det same er tilfellet for strategi 7.

6 Budsjett og finansiering

Utgifter forprosjekt	2009	2010	2011	2012
Lønskostnader prosjektleiar ca 20% stilling i heile prosjektperioden	52.000,-	104.000,-	104.000,-	88.000,-
Kontorutgifter (telefon, porto, foto, kopiering mm)	7.000,-	12.000,-	12.000,-	9.000,-
Møteaktivitet - mobilisering mm	15.000,-	30.000,-	30.000,-	20.000,-
Kurs og nettverksamlingar	0,-	50.000,-	50.000,-	25.000,-
Reiseutgifter	7.000,-	14.000,-	14.000,-	10.000,-
Kjøp av tenester (utvikling opplevelingstilbod og smaksoppleveling)	0,-	90.000,-	90.000,-	50.000,-
Samla kostnader	81.000,-	300.000,-	300.000,-	202.000,-
Finansiering				
Hovudprosjektet (50%)	40.500,-	150.000,-	150.000,-	94.000,-
HAFS Regionråd (RUP-midlar)	15.500,-	0,-	0,-	0,-
Fylkesmannen (BU-midlar)	0,-	50.000,-	50.000,-	29.000,-
Innovasjon Norge (Grønt reiseliv)	0,-	50.000,-	50.000,-	29.000,-
SMIL-midlar frå HAFS-kommunane	25.000,-	50.000,-	50.000,-	50.000,-
Samla finansiering	81.000,-	300.000,-	300.000,-	202.000,-

7 Forankring

Delprosjektet er godt forankra i Solund, der Solund kommune saman med ulike villsaulag har drive aktivt motiveringsarbeid i fleire år for å få meir sauebeite. Solund har ein engasjert kjerne av sauebønder som har involvert seg i ulike samarbeidsprosjekt for beite med utegangarsau, i tillegg til at dei framleis driv tradisjonell sauedrift.

Solund kommune har forankra prosjektet i kommunale planar og i tiltaksstrategi for SMIL.

Regionen har eit eige reisemålsselskap – Stiftinga Jensbua – som vil vere ein naturleg medspelar for tilrettelegging av kommersielle opplevingsprodukt retta mot reiselivet. I tillegg vil det vere naturleg å samarbeide med eit lokalt reiselivsprosjekt ”Kort og godt - Solund” som skal gjennomførast i 2009-2010 og som skal fokusere på å få fram reiselivspakkar for bedriftsmarknaden.

På Fylkesnivå er prosjektet forankra i Fylkesdelplan for landbruk (2002) der fleire delmål, strategiar og tiltak høver svært bra med målsetjingane i prosjektet. Like eins er fylkesdelplan

2006-2009 eit godt fundament for tilrettelegging for naturbruk. Fylkesmannen ved landbruksavdelinga og miljøvernnavdelinga vil vere naturlege samarbeidspartar. Prosjektet er godt forankra i Regionalt miljøprogram for Sogn og Fjordane.

På nasjonalt nivå er delprosjektet forankra i vernevedtak og i overordna naturvernstrategiar. Prosjektet vil m.a. vere med på å sikre fleire raudlista artar og viktige naturtypar. Det er og eit nasjonalt mål å ta vare på viktige kulturlandskap, og å oppretthalde landbruksdrift i alle deler av landet. Delprosjektet vil bidra positivt for å nå målet om auke i produksjonen av økologiske matvarer, då mange av villsaudriftene vil kunne godkjennast som økologisk drivne.

8 Samspel

Delprosjektet vil vere eit viktig grunnlag for dei andre delprosjekta i Kystarven (Hovudprosjektet). Utan ei satsing på auka sauehald i viktige områder på kysten vil grunnlaget for buseting og verdiskaping verte redusert. Vedlikehald av kulturlandskapet vil på sikt vere avgjerande for ivaretaking av naturkvalitetane i området. Reduksjon i naturkvalitetane vil gå ut over moglegheitane for å satse på naturbasert reiseliv.

Av prosjekt som ikkje inngår i hovudprosjektet, men som vil vere naturleg å samarbeide aktivt med er *Kort og Godt prosjektet* i Solund (KOG). Dette prosjektet er eit lokalt reiselivsprosjekt med støtte frå Innovasjon Norge som vil føregå i 2009 til 2011. KOG skal jobbe med å lage pakkar som skal marknadsførast inn mot bedriftsmarknaden. Lokal mat er ein viktig del av KOG-prosjektet.

Det vil og vere naturleg og samarbeide med Jordforsk avd. Fure, som har høg kompetanse på beitebruk på kysten og vegetasjon. Kystlyngheisenteret i Lindås vil og vere ein naturleg samarbeidspart.

Det vil og vere naturleg å samarbeide med det regionale reisemålselskapet Stiftinga Jensbua for å få fram gode opplevingsprodukt.

Også landsdelsselskapet Fjord Norge og prosjektet Innovativ Fjordturisme har prosjekt og aktivitetar som omfattar dette området.

9 Kva skjer etter prosjektperioden?

Etter prosjektperioden er det skapt eit aktivt nettverk av sauehaldarar som driv med beitedyr i og nær opptil verneområda. Erfaringar frå Solund tilseier at interessa for villsauhald spreier seg når nokre brukarar først startar opp. Det har og vist seg at når sauene finst, vil områder med naturbeitemark vere attraktive beiteområde, sidan det vert gjeve tilskot over RMP til beite i slike områder.

Det er viktig at kommunane i HAFS i sine tiltaksstrategiar for SMIL prioriterer tilrettelegging av beitetiltak i områder med kystlynghei og naturbeitemark. Det vil og vere avgjerande om kommunane har fokus på miljøvenleg landbruksdrift i kystområda.

Kommersielle aktivitetstilbod skal drivast av aktørar i reiselivet i samarbeid med villsauhaldarar.

Auka kjøtmengd gjer mogelegheitene større for at det vert etablert eit eller fleire foredlingsanlegg for villsau/kystsau.

Delprosjekt 5:

Kystarven i Vesterveg



1 Bakgrunn for delprosjektet

Verdiskaping med basis i naturarv og verneområde er korkje nokon ny eller særmerkt norsk aktivitet. Snarare tvert om. Hos mange av våre europeiske naboor har nasjonalparkar og verneområde i langt større grad vore nytta som rekreasjonsområde, og ein har lang erfaring med tett kopling mellom verna natur og lokalsamfunn både innanfor nasjonalparkane og tett utanfor i randsona.

Dette har nok sin bakgrunn i tettare folkesetnad, anna eigarskap til landområda og ein sterkare og lengre reiselivstradisjon enn vi har hatt i Norge. Alpane, England og Highlands i Skottland kan tene som ulike eksempel på dette.

Gjennom deltaking i Naturbruksprosjektet i Sogn og Fjordane, og seinare samarbeidsprosjektet mellom Sogn og Fjordane og Highlands i Skottland, fekk nokre få deltakarar frå Askvoll høve til å studere skotsk naturbruk på nært hold. Vi fekk også ein

gjenvisitt der representantar frå Highlands and Islands Enterprise , Scottish Natural Heritage og nokre mindre naturbaserte turistverksemder orienterte om korleis verna natur i Skottland gjev grunnlag for utvikling av små naturbaserte turistverksemder.

Kystnaturen i HAFS og det nordlege Skottland inkludert Shetland har både sjøfuglreservat og landskapstypar som kystlyngehe til felles. I motsetning til HAFS-regionen har skottane lang tradisjon for å utnytte den store engelske marknaden sin betalingsvilje for naturopplevelingar av høg kvalitet.

Reiselivet i HAFS arbeider i dag med å utvikle opplevelingsturisme med basis i dei same naturkvalitetane som skottane har utnytt gjennom eit par hundre år. Vi ynskjer difor å gjere oss nytte av skotsk erfaring og kompetanse i vårt arbeid. Dette ynskjer vi å gjere gjennom studieturar og seminar.

2 Målformulering og avgrensing

Det skal etablerast nettverk og utviklast felles ”naturbrukskompetanse” ved å gjennomføre 1-2 studieturar til Skottland og 1-2 oppfølgjande utviklingsseminar for reiselivsverksemder, tiltaksmedarbeidarar, naturforvaltarar, lokalpolitikarar og prosjektmedarbeidarar med tilknyting til Kystarven i HAFS.

Målet er at det skal vere etablert minst 10 nye naturbaserte opplevingsprodukt i HAFS-regionen løpet av ein 5-årsperiode..

3 Effektar av delprosjektet – potensialet for verdiskaping

Effekt for næringsutvikling

Dette prosjektet er primært retta mot reiselivsutvikling i HAFS-regionen. Tanken er å skape inspirasjon og byggje nettverk i ein tidleg prosjektfase. Studietur(en/ane) vil vere innretta mot reiselivsverksemder, utvalde verneområde/ landskapsområde og gode eksempel på naturinformasjon. Studituren vil verte følgd opp med eit utviklingsseminar der ein arbeider vidare med observasjonar og idéar frå turen. Det langsigte målet om fleire naturbaserte opplevingspakkar må følgjast opp gjennom eit tett samarbeid mellom reiselivsnæringa, tiltaksapparatet og vernestyresmaktene. Den regionale reiselivsorganisasjonen (Stiftinga Jensbua/ Fjordkysten) vil også vere ein naturleg del av dette tette samarbeidet.

Effekt for utvikling av lokalsamfunnet

Det skapar optimisme og positive haldningar i små kystsamfunn når reiselivsverksemdene evnar å utvikle nye produkt og trekkje nye turistar til bygdene.

Lokalsamfunn i randsonene til verneområda vil også ha direkte nytte av nettverksbygging og studieturar. Vi har erfaring med at det er mogeleg å byggje nettverk mellom skular og at entreprenørskapslæring gjev grunnlag for spennande informasjonsutveksling.

Kulturutveksling og ungdomsutveksling har då også følgt i kjølvatnet av tidlegare avgrensa prosjekt. Dette skapar personlege band som ofte kan komme lokalsamfunnet til nytte lenger etter at prosjektperioden er over.

Effekt for lokal miljøkvalitet

Gode eksempel, gode nettverk og god informasjonsutveksling mellom naturforvaltinga, tiltaksapparatet i kommunane og reiselivsnæringa vil bidra til utvikling av gode opplevingsprodukt og godt samarbeidsklima for utvikling av berekraftig opplevelingsturisme innanfor Kystarven sine tolegrenser. Samarbeid med Skottland vil gje verneområdeforvaltinga idear og informasjonar som bidreg til å utvikle ei meir kunnskapsbasert forvalting.

Korleis måler vi effekten?

Det lettast målbare er talet på nye naturbaserte opplevingsprodukt som vert tilbydd av reiselivet i HAFS-regionen. Gjennom spørjeundersøkingar er det også mogeleg å finne ut kor godt nettverket fungerar og om eit evt. konfliktnivå i høve til vern og bruk er veksande eller minkande.

Mogelege negative effektar

Eit dårleg gjennomarbeidd opplegg kan verke demoraliserande. Ein "kampanje" medfører alltid risiko for at "feil" verksemder investerer og tilbyr nye produkt med "feil" timing. Tette nettverk kan føre til uheldig kopiering. Dette vil vi prøve å motvirke gjennom rekruttering av dei best motiverte og utviklingsretta verksemndene.

4 Organisering og gjennomføring av delprosjektet

Dette er eit avgrensa prosjekt som vil ligge direkte under HAFS Regionråd, men der prosjektleiar for hovudprosjektet knyter til seg ei arbeidsgruppe ved behov. Den regionale reiselivsorganisasjonen vert kopla inn i planleggingsarbeidet og HAFS Næringsforum som består av tiltaksmedarbeidarane i HAFS, vert involverte i rekruttering av deltakarar.

Regionrådet (v/ prosjektleiar) fører eigen rekneskap for dette delprosjektet.

Tidfesta hovudaktivitetar

Delprosjektet omfattar ein til to studieturar til Skottland med oppfølgingsseminar etter heimkomst. Den første studituren må gjennomførast tidleg i prosjektpersonen slik at tiltaksapparatet kan følgje opp næringsidéar og produktutvikling medan hovudprosjektet framleis er i gang. Ein seinare studietur må vurderast seinare i prosjektfasen dersom etterspurnaden er til stades eller ein ser behov for oppfølging av særskilte tema.

Tidsrom	Aktivitet
01.07.09 - 01.12.09	Arbeid med fullfinansiering. Detaljplanlegging av fagleg innhald saman med skotsk naturbrukskonsulent som også kan vere reiseleiar. Fastsette reisetidspunkt.
01.12.09 – 01.02.10	Marknadsføring og påmelding
01.02.10 – 01.05.10	Gjennomføring av studietur til Skottland

01.09.10 – 01.11.10

Gjennomføring av oppfølgingsseminar

Haust 2010

Vurdering av om ny tur skal gjennomførast mot slutten av prosjektperioden

5 Kopling til det nasjonale programmet sine strategiar og delmål

Delprosjektet samsvarar med strategiar under alle dei tre delmåla i det nasjonale programmet. Dette vil også vere det mest reiselivsretta delprosjektet samstundes som det er nettverksbygging mellom næringsaktørane, tiltaksapparatet og vernestyresmaktene. Prosjektet stemmer også godt med strategi nr. 10 om utveksling av erfaringar over landegrensene.

6 Budsjett og finansiering

Utgifter	2009	2010	2011	2012
Løn prosjektleiar (1 månadsværk inkl sosiale kostn)	44.000,-	44.000,-		
Reise og opphold til, og i Skottland (4 overnattingar, 20 deltakarar)		250.000,-		
Oppfølgingskurs i HAFS		50.000,-		
Arbeidstidskostn. deltakarar 5 dagar (3 studieturdag + 2 lokale kursdagar, kr. 1000,- pr. deltakar pr. dag)		100.000,-		
Konsulenttenester (førebuing og deltaking studietur i Skottland og deltaking under oppfølgingskurs i HAFS)		50.000,-		
Uføresett (ca 5%)		26.000,-		
Samla utgifter	44.000,-	520.000,-		
Finansiering				
Hovudprosjektet (50%)	22.000,-	260.000,-		
Innovasjon Norge (tilskot)		100.000,-		
Eigeninnsats (eiga arbeidstid)		100.000,-		
Kommunale næringsfond		60.000,-		
HAFS Regionråd (RUP-midlar)	22.000,-			
Samla finansiering	44.000,-	520.000,-		

Merknad til budsjett og finansieringsplan:

Her er planlagt ein studietur i 2010. Dersom ny tur skal gjennomførast mot slutten av hovedprosjektperioden, må det skaffast særskilt finansiering for denne.

7 Forankring

Dette prosjektet byggjer vidare på erfaringar frå Naturbruksprosjektet (2003 – 2005) og oppfølginga gjennom samarbeidsprosjektet mellom Sogn og Fjordane Fylkeskommune og

Highlands & Islands i Skottland. Gjennom desse prosjekta vart det etablert nettverk og kontaktar med nokre verksemder og utviklingsmiljø i Skottland og på Shetland.

Ved å bygge vidare på erfaringane frå Naturbruksprosjektet og Skottlandssamarbeidet er vårt delprosjekt også godt kopla mot høvesvis fylkesmannen og fylkeskommunen som hadde hovudansvaret for desse to prosjekta.

Delprosjektet er også forankra i den regionale reiselivsorganisasjonen (Stiftinga Jensbua / Fjordkysten) sin marknads- og tiltaksplan. Her har felles studieturar for reiselivsverksemndene lenge stått høgt på ønskjelista utan at ein har greidd å finansiere dette enno.

Elles er også forankring sjølve føremålet med dette prosjektet. Ved å kople næringsaktørar, kommunar og naturforvaltarar saman gjennom gode opplevingar av gode eksempel på naturarven som verdiskapar, ønskjer vi å etablere eit miljø for nyskapande naturbruk som kan vere aktivt i lang tid utover prosjektpérioden.

8 Samspel

med andre delprosjekt innan hovudprosjektet

Kystarven i Vesterveg samspelar med dei andre delprosjekta ved at det er her vi prøver å stimulere næringslivet (reiseliv, gardbrukarar, matforedlarar) til å ta naturarven enno meir aktivt i bruk.

med andre lokale prosjekt som ikkje inngår i hovedprosjektet

Kort og Godt-prosjekt i Solund og i Fjaler er produktpakningsprosjekt der naturarven inngår som sentrale element. Det nye Nordsjøløype-prosjektet Coast Alive fokuserer mellom anna på betre kommersiell utnytting av allereie etablerte løyper. Kvernsteinsparken i Hyllestad er eit kulturprosjekt som fokuserar naturbruk gjennom tusen år, og det nye Kystkultarakademiet i Solund gjev praktisk innføring i korleis menneska har levd av og i kystrnaturen gjennom hundreåra. Øyhoppingsprosjektet opnar kystrnaturen på dei ytste øyane gjennom ferdige pakketurar med høve til overnatting undervegs.

med aktørar utanfor prosjektorganisasjonen

Innovasjon Norge, Fjord Norge og prosjektet Innovativ Fjordturisme er i tillegg til Stiftinga Jensbua/ Fjordkysten aktuelle partnerar for reiselivsutvikling i vårt område. Innovativ Fjordturisme har plukka ut Fjordkysten som satsingsområde for ”stedsutvikling”. Fjord 1-konsernet og Sogn og Fjordane fylkeskommune som rutekjøpar er viktige partnarar for å frakte turistar inn til området, og ikkje minst rundt omkring i området.

med andre regionale, nasjonale og internasjonale prosjekt

EU-prosjektet Coast Alive vil vere ein naturleg partner.

9 Kva skjer etter prosjektperioden?

Etter at prosjektfasen er over, vil det vidare næringsutviklingsarbeidet vere forankra i vår felles regionale reiselivsorganisasjon og i det kommunale tiltaksapparatet. Dette apparatet er kopla til prosjekteigar HAFS Regionråd gjennom HAFS Næringsforum.

Innovasjon Norge vil vere ein viktig samarbeidspartnar som allereie er involvert i høve til mange verksemder og prosjekt i regionen, og som dermed vil vere ein naturleg del av nettverket vidare

